



# DEN NORSKE KYRKJA

## Møre biskop

Barne- likestillings- og inkluderingsdepartementet

Dato: 21.05.2012

Vår ref: 12/263-2 TJO

Dykkar ref:

### Høyringsvar frå Møre biskop til "Forslag om midlertidig lov om etablering av foreldreskap for born i Noreg født av surrogatmor i utlandet»

Vårt grunnleggande syn er at det er uheldig å vedta ei midlertidig lov som omgår regelverket i adopsjonslova. Vi meiner forslaget om midlertidig lov om etablering av foreldreskap for barn i Norge født av surrogatmor i utlandet, er for dårlig utgreidd når det gjeld dei langsiktige konsekvensane – og meiner gjeldande lov om adopsjon best tek i vare omsynet til barna.

Det er naturleg at nye lover vert vedtekne for å ivareta nye utfordringar. Men dette midlertidige lovforslaget ber preg av det tidspresset og den uryddige rettstilstanden for barn, som auka bruk av surrogati har ført oss opp i. Sjølv om lovforslaget har barnet sitt beste for auge, er vi meir usikre på om det vil ha ein slik verknad på lengre sikt – sidan det også vil legitimere bruken av surrogatmødre for å gi norske par eller einslege eigne barn. Det er bruken av surrogati som har ført til at desse barna har usikre juridiske rettar i Norge og i andre land – og det er derfor på høg tid ein både i Norge og i andre land set i verk tiltak for å redusere bruken av surrogatmødre.

Vi meiner at lovforslaget undergrev gjeldande norsk lov om adopsjon, og sjølv om den nye lova berre skal gjelde midlertidig, er det vanskeleg å sjå at ei eiga lov uavhengig av adopsjonslova – ikkje vil påverke andre lover i form av å gi presedens. Dersom denne lova vert oppfatta som ein «snarveg til adopsjon» vil det kunne få svært uheldige fylgjer for seinare rettspraksis.

Vi meiner at det i dette tilfellet bør settast inn større innsats for å forhindre at norske par og einslege gjer seg nytte av surrogati i utlandet – og at det bør førast bilaterale samtaler på høgt internasjonalt nivå, som medverkar til å redusere bruken av surrogatmødre.

Dersom ein likevel vel å innføre denne midlertidige lova, bør den etter biskopen si meining ikkje gjelde lenger enn til 30. september 2013.

Med helsing

  
Ingeborg Midttømme  
Biskop

  
Tore Johan Øvstebø  
Diakonirådgjevar  
Direkte innval: 71250685